



Stadlandet

Retningslinjer for tilskot til Utvalt kulturlandskap – Stadlandet

Vi har 45 utvalgte kulturlandskap i Norge. Eit av desse er Stadlandet (tidlegare Hoddevik - Liset) i Selje kommune, Sogn og Fjordane. I dette området kan brukarar og eigarar søkje tilskot til skjøtselstiltak. Her kan du lese retningslinjer for denne tilskotsordninga.

Regelverket er utarbeidd på grunnlag av *forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2016-08-10-966*

Føremål

Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å medverke til å sikre verdier knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift.

Verkeområde

Regelverket gjeld for det utvalde kulturlandskapet Stadlandet slik det er avmerkt i Naturbase.

Tildeling av tilskot

Fylkesmannen kan gje tilskot til tiltak som er i samsvar med føremålet med tilskotsordninga.

Tiltaka må også vere i samsvar med gjeldande planar for området, og ev. avtaler mellom søkjar og Fylkesmannen. Dersom søkjar ikkje er grunneigar, må det ligge føre løyve frå grunneigar og andre rettshavarar.

Tiltak

Fylkesmannen kan løyve tilskot til fylgjande tiltak:

- Restaurering og skjøtsel av areal. Dette er eit prioritert tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet, og for å ta vare på kulturlandskapet
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Planlegging av tiltak

- Tilrettelegging for ferdsel
- Formidlingstiltak
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

Tilskot

Fylkesmannen kan betale ut tilskot til drift og skjøtsel av areal i samsvar med dei mål og tilrådingar som er fastsett i gjeldande skjøtelsplanar for området og gjennom inngåtte avtaler mellom søkjar og Fylkesmannen. I 2019 er det sett av kr. 500 000,- til tiltak i UKL Stadlandet.

Følgjande planar er gjeldande for UKL-området Stadlandet:

- Forvaltningsplan for Hoddevik – Liset 2009 – 2029, 01.04.2011
- Årdal i Selje. Skjøtelsplan for kulturlandskapet, 30.11.2009
- Hoddevik i Selje. Skjøtelsplan for kulturlandskapet, 09.04.2010
- Hoddevik i Selje. Tiltaks- og skjøtselstiltak for enkelteiendommer, 10.04.2010
- Ytre Drage, indre og ytre Fure. Skjøtelsplan for kulturlandskapet, 13.03.2015
- Historie og kulturlandskapsverdier og skjøtelsplan for kulturlandskapet på Liset. Historie og kulturlandskapsverdier på Skårbø. 2018.

Førebelse satsar for ulike tiltak går fram av skjøtelsavtalene. Satsane kan endrast som følgje av auke i talet på avtaler i området og endringar i budsjettet som vert stilt til rådvelde. Pr. no ser satsane slik ut:

Areal med mindre omfattande tiltak kr. 300 pr. daa pr. år
 Areal med omfattande tiltak kr. 600 pr. daa pr. år
 Areal med særskilt omfattande tiltak kr. 1200 pr. daa pr. år
 Tillegg for museal drift kr. 1000 pr. daa pr. år

Beitetilskot

Fylkesmannen kan etter inngått avtale med søkjar betale ut tilskot for dyr på beite i området dersom dette er i samsvar med dei mål og tilrådingar som er fastsett i gjeldande planar for området.

Førebels er satsane
 Kr. 1000 pr. dyr pr. år for storfe
 Kr. 200 pr. dyr pr. år for småfe

Andre tiltak

Søknad om tilskot til andre tiltak skal innehalde ei skildring av det planlagde tiltaket. Søknaden skal innehalde budsjett og gjennomføringsplan, og tiltaket skal merkast av på kart vedlagt søknaden.

Krav til søknad

Søknadsfristen er 10. oktober 2019.

For arealtilskot og tilskot til beitedyr må det kvart år fyllast ut og sendast eit eige søknadsskjema til Fylkesmannen. Alt areal det blir søkt om tilskot til, skal vere kartfesta i avtale mellom søkjar og Fylkesmannen.

For andre tiltak må det fyllast ut og sendast søknad om tilskot til særskilde kulturlandskapstiltak til Fylkesmannen. Ettersom søknadsfristen er på hausten vil det vere naturleg å søkje om tilskot til tiltak som skal gjennomførast påfølgjande år.

Arbeidsfrist

Areal- og beitetilskot blir utbetalt etter søknad kvart år. Det må sendast ny oppdatert søknad kvart år.

For andre tiltak er fristen for gjennomføring av tiltaket 3 år frå det blir løyvd tilskot. Fylkesmannen kan etter søknad forlenge arbeidsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd.

Utbetaling av tilskot og krav om rapportering

Arealtilskot og beitetilskot blir utbetalt etter handsaming av søknaden i oktober - november.

For andre tiltak betalar Fylkesmannen ut det løyvde tilskotet etter skriftleg melding frå søkjar, og når Fylkesmannen har godkjent sluttrekneskapen.

Det kan også betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført, på bakgrunn av godkjent dokumentasjon. Minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til arbeidet er fullført og arbeidet og sluttrekneskapen er godkjent.

Den som har mottatt tilskot skal levere sluttrapport og sluttrekneskap til Fylkesmannen innan fristen som er fastsett i vedtaksbrevet om tildeling av tilskot. Fylkesmannen kan gje nærare krav om rapportering i vedtaksbrevet.

Klage

Vedtak som er fatta av Fylkesmannen kan klagast inn til Landbruksdirektoratet etter reglane i Lov 10. februar 1967 om behandlingmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) kap. VI.

Klaga skal leggst fram for Miljødirektoratet og Riksantikvaren for eventuell uttale før det blir fatta vedtak.

Opplysningsplikt og kontroll

Den som søkjer om tilskot har plikt til å legge fram alle opplysningar som Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å kunne forvalte og kontrollere ordninga.

Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan kontrollere at utbetaling av tilskot er i tråd med føresetnadane. Søkjar har plikt til å utlevere all bokføring, korrespondanse og andre opplysningar som vedkjem tilskotet. Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan gjennomføre stadleg kontroll.

Omgjering og tilbakebetaling

Tilskot som ikkje er brukt i samsvar med tildelingsvedtaket kan krevjast betalt attende.

Fylkesmannen kan gjere om vedtak om løyvde tilskot og utbetalt tilskot kan krevjast betalt attende dersom det blir avdekka forhold som er i strid med det som er forutsett ved løyving av tilskotet.

For krav om tilbakebetaling av tilskot kan det krevjast renter etter Lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.